

## Øystre Slidre Historielag årsmelding 2023

Styret har bestått av  
Leiar Tove Grethe Kolstad  
Nestleiar Are Solhaug  
Skrivar Odd Arne Rudi  
Styremedlem Svein Erik Rogne

Valnemd Torstein Presthegge

Revisorar Ole Martin Alfstad

Kasserar utanom styret Svein Harald Hegge

Aktivitet i år

Servering av Kvitkako på Kvileheimen. Vi steikte ute saman med pasientar. Noko som vekke gamle minner. Etterpå vart det lokkarlag med kaffe, kvitkako og nyplukka mølte servert ute i sansehagen. Der det også var konsert med Marit Vestheim og Sindre Laren.

Laurdag 7.10 var det kjøring av Dale mølle. Same dag som haustmarked i Dale skule. Møllaren Are Solhaug kjørte mølla og turka med stor presisjon, alt fungerte perfekt. Det vart male bygg dyrka på Presthegge av Torstein Presthegge som vart malin og 65 stk var innom. Vi diska opp med nykokt kaffe attmed kringle. Vêret var ikkje på vår side så treskeverk vart ikkje starta som planlagt. Det vart «åvabår» den dagen med. Vi fekk trykt opp 100 nye brosjyrer om Dale mølle.

Takk for bøkene historielaget fekk i vinter.

Skammestein 18.2.24

Styret